

ÅRSMELDING FOR ROSSLANDSVÅG INDREMISJONSFORENING OG Rossland Bedehus 2017.

I styret for 2017 :

Asgeir Skurtveit, Leiar, Annlaug Isdal, nestleiar/ sekr.

I styret elles Marion Kvalvåg, Tone Åsebø Nordvik, Jakob skurtveit.

Varamedl : 1. Ingrid Asdal, 2. Reidun Magnussen, 3. Miriam Skurtveit.

Kasserer var Edith Rossland, ny: Marion Kvalvåg

Revisor Anne Marie Skurtveit.

Søndagskuleklubben : leiar Annlaug Isdal og Ingrid Asdal og Ingrun Skurtveit er medarbeidarar. Annankvar onsdag utenom feriar.

Yngres: Tone Åsebø Nordvik fram til årsmøtet og Miriam Skurtveit fungerer fram til neste årsmøte. Annankvar fredag utenom feriar.

Medarbeidarar er Reidun Magnussen, Dag Erik Asdal, Ingrid Asdal, Ingrun Skurtveit, og Vadim Ivanov. Nye spel er kjøpt inn.

Samtale/ Bønnemøter: Annlaug Isdal. Kvar onsdag utenom feriar.

Strikkekafe` : Tone Åsebø Nordvik og Marion Kvalvåg. Ein gong kvar mnd.

Forening : Ingrun Skurtveit og Annlaug Isdal. Ein gong kvar mnd.

Vi over 60 : Ingrun Skurtveit. Medarbeidarar: Annlaug Isdal og Jakob Skurtveit.

Treff , ein gong kvar mnd. Gjester som har ulike tema som er avtalt på førehand. Godt frammøte.

Messeansvarlege: Kathrine Skurtveit, Tone Åsebø Nordvik og Marion Kvalvåg.

Foruten eigne samlingar har me også i år hatt vitjing frå Nordhordland Indremisjon (Nhi) og Norsk Luttersk Misjonssamband.

Frå Nhi har me hatt både talarar til vanlege møter og ungdomskonsulentar som har delteke på Yngres.

Det har vore vekslande frammøte både på yngres og søndagskuleklubben.

Ein fast kjerne er trufaste og det er me glade for.

Ansvaret for yngres går på omgang og Miriam Skurtveit har sett opp «turnus» slik at me veit kva oppgåver, og kva dag me skal vere med. Det har fungert godt.

På Søndagskuleklubben går ansvaret på omgang .

Strikkekafeen og Foreninga ser ut til å ha etablert seg og at det er tiltak som er godt motteke. Godt frammøte.

Messa/basar: Annlaug Isdal hadde andakt på føremiddag og Asle Hetlebakke på Basaren.

Linda Sandhåland sang vakkert og slutta av med «Mitt hjerte alltid vanker»

Ein flott dag, med fullt hus heile dagen.Resultatet vart ca kr. 70.000,-.

Dugnad : I slutten av mai var det dugnad i Bedehuset. Mange frå bygda stillte opp .

Maling og koster var innkjøpt- stillas oppsett , og villige folk frå bygda stillte opp. Denne dagen var det nydelig og varmt ver med sol frå ein skyfri himmel.

Huset vart malt to gonger. Inne stod vatten og kaffi heile dagen og gryterett vart servert til dei som var med. Store og små gjorde eit flott arbeid og det var ingenting å seie verken på arbeidslyst og humør. Når det gjeld bedehuset er bygda utruleg å støtte opp om oss.

Årsmøtet: Grunna sjukdon vart ikkje dette halde før utpå hausten. Årsmøtet beslutta og la alle verv stå som før fram til årsmøtet 2018 med unntak av to valg: Marion Kvalvåg fungerer som kasserer fram til neste årsmøte, og sidan Tone Åsebø Nordvik hadde flytta skulle Miriam Skurtveit fungere som leiar fram til neste årsmøte.

Mangeårig kasserer vart sjuk i 2016 og døydde august 2017. Det vart problem å få betalt rekningane då ho i perioder ikkje var i stand til dette.

Styret beslutta derfor at pengane som stod i DNB skulle overførast til Sparebanken V, i Knarvik.

Dette viste seg å verte vanskeleg. Me måtte få organisasjonsnr. Dette vart ordna, men likevel vart ikkje pengane overført. Stadig nye ting og underskrifter måtte sendast inn til DNB, men ingenting skjedde. Tida gjekk og året 2017 gjekk over i 2018. Pr. 31.12.17 hadde ingenting komme over. Dette har skapt frustrasjon fordi me følte at me ikkje vart behandla som me skulle av DNB og sidan dette tok så lang tid.

Privatpersoner betalte løpande utgfter, slik at ikkje Indremisjonsforrenings/ Bedehuset vart skadelidande. Men arbeidet har gått sin gang , alle har gjort det dei skulle i forhold til kva kvar hadde som ansvar.

Styret takkar for innsatsen til kvar enkelt i året som gjekk. At alt har gått så fint er mykje å takka for. Gud velsigne og bevare dykk alle som er med i dette arbeidet og legg ned så mykjeav fritida i Rossland Bedehus.

Asgeir Skurtveit, Annlaug Isdal, Marion Kvalvåg, Tone Å. Nordvik Jakob Skurtveit

Leiar

nestl./sekr.

Kasserer

styremedl.

styremedl